



Gudstenesteliv

**Guds  
ord er rikeleg  
forkynt også i  
2016!**

«..henta ein glad førsteklasing på skulen i dag som har vore på julegudsteneste. Sitat frå gutten:

“Eg hadde forberedt meg på stille stille stille, sitt i ro, snakking snakking snakking, sang, snakking snakking snakking snakking snakking sang, snakking snakking. Men det ble veldig gøy!”

Ei mor skreiv dette på Facebook etter ei skulegudsteneste i Øygarden i 2016.



Trusopplæring




Konfirmantar som sprang misjonsløpet i 2016



Diakoni

# ÅRSMELDING 2016



Tårnet på Blomvåg kyrkje er reparert.

Øygarden kommune løyvde 1,250 mill kroner til reparasjon av tårntaket og utskifting av vindauge og kledning.

**2-9** Årsrapportar

**10** Informasjon og tema

**11** Samarbeid med andre

**12** Statistikkar, tal m.m.

# Soknerådet sin årsrapport

Guds ord er rikeleg forkynt i 2016

Øygarden sokneråd har si merksemd mot alt som kan gjerast for å vekkje og nærere det kristelege arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt. Kyrkjelova § 9.

Soknerådet har handsama 39 saker i 2016.

Kyrkjelydsutvikling/naturleg kyrkjelydsvekst står fast på soknerådet sin dagsorden. Soknerådet har handsama saker om enkeltarrangement, sommarfest for frivillige og økonomi- og budsjettsaker. Soknerådet gjorde i 2016 også vedtak om at Fasteaksjonen skal gjennomførast i Øygarden i 2017.

## Arbeidet i soknet

Det må kunne seiast at det er breidde og stort omfang på arbeidet i Øygarden. Like fullt er det viktig å fokusere på den enkelte som ein møter gjennom arbeidet og også dei arrangement der det kjem få deltakarar. Guds ord gjeld alle, uavhengig av alder og om ein er få eller mange deltakarar.

## Gudstenestelivet

Talet på gudstenester ligg over tid stabilt. Gudstenestene gir høve til å møte menneske med Guds ord. Det er viktig at gudstenesta vert opplevd inkluderande for menneske i ulike fasar i livet og når livet kan vere vanskeleg.

Inkludere og sjå menneske

Dette er noko av det soknerådet har fokus på i samtalen om kyrkjelydsutvikling (NaMu). Alle ber eit ansvar for kvarandre og ikkje minst må ein sjå nye menneske som kjem til gudstenesta. Kyrkjelyden har som ein konsekvens av dette arbeidet lagt til rette for ulike nye arrangement, slik som fellesskapskvelden om hausten.

## Kyrkjelydsbygging (NaMu)

Soknerådet har gjort vedtak om å forlengje avtalen som gjeld ressursar til NaMu arbeidet. Dette arbeidet handlar om naturleg kyrkjelydsutvikling (NaMu) og vekst når Gud får arbeide i kyrkjelyden. Ei undersøking i 2014 viste at ein del menneske sakna varme relasjonar. Det er gjennomført ei ny undersøking i desember 2016 som vart presentert i januar 2017. Det er ein eigen komité som arbeider med NaMu og Ommund Rolfsen fortset som rettleiar.

## Trusopplæring

Me møter mange born og unge gjennom trusopplæringsarbeidet. På invitasjonen til våre leirar står det: "Målet med leirane er at me skal verte kjent med hovudpersonen i Bibelen: Jesus". Det er også fokus i anna trusopplæringsarbeid som strekkjer seg frå dåpen og fram til ungdomar som er 18 år. I 2016 vart trusopplæringsplanen for Øygarden godkjent av biskopen i Bjørgvin. Denne planen er systematisk og ligg til grunn for trusopplæringsarbeidet dei kommande åra.

Bli kjent med Jesus på leirane

## Diakoni

Diakoni omfattar mykje. Diakonimedarbeidaren er i 50% stilling og må prioritere stramt. Eldretreff, eldretur, sorgarbeid, besøksteneste så langt ein rekk og integreringsarbeid vert prioritert. Det er fullt mogeleg at det er eit udekket behov, men det er viktig å arbeide godt med det som ein rekk over.

Besøk frå Thailand i ei gudsteneste i Blomvåg i januar 2016. Kyrkjelydane i Øygarden støttar eit misjonsprosjekt i Thailand.



8. og 10. klassingar på leir på Skjergardsheimen i april 2016. Friluft, møte og bønnevandring prega leiren.



Turid og Janesh Amenyha reiste til Kenya i august som utsendingar for NLM. Dei vert bedt for i gudstenestene i Øygarden.



Småbarnssong som Kari Sandøy Rong har ansvar for i Blomvåg kyrkje annankvar tysdag. Tilbodet er for born 1-3 år, saman med foreldre.



Gospelgudsteneste i Hjelme kyrkje i november 2016. Her syng Gospel teens. Slike gudstenester samlar mange menneske.



«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»  
Matteus 28.19

## Kor og kyrkjemusikk

Kor og instrument som innslag i gudstenester og i andre arrangement er viktig og gir gode oppleveringar for publikum.

## Frivillige uløna medarbeidarar

Frivillige uløna medarbeidarar utgjør ein svært viktig ressurs i arbeidet. Det er sjølvsat naturleg at kyrkjelyden engasjerer seg i arbeidet i Guds rike. Like fullt er det viktig å framheve alle som tek eit tak i ulike samanhengar. Ofte er dei med fleire stadar og det kan vere vanskeleg å rekke over alt ein skal vere med på. Dei siste åra har ein invitert til samlingar for desse medarbeidarane, saman med staben. Det er hyggeleg å sjå at mange kjem og at ein kan vere saman på denne måten. Det trengs fleire frivillige medarbeidarar både til gudstenester og vaksenleiarar til leirar.

## Misjonsengasjement

Gjennom offer til ulike misjonsorganisasjonar synleggjer kyrkjelyden sitt misjonsengasjement. Det kjem også til uttrykk i ingåtte misjonsavtalar med NMS og IMI-kyrkja i Stavanger. Her har kyrkjelyden forpliktet seg m.a. økonomisk med

kr 30000 til kvar organisasjon pr år. I tillegg er det informasjonsutveksling og forbøn. Misjonsløpet er viktig for oppfylla misjonsavtalane.

## Offer, givarteneste og ordningar for å gi

Det er ein del som gir nokre store beløp til det som til dagleg er omtala som barne- og ungdomsarbeidet. I tillegg kjem dei som gir fast gjennom året. Me treng fleire faste givarar i åra som kjem. Det er viktig å førebu seg på endra økonomiske rammer etter 2020. Offer i kyrkjene i 2016 er litt lågare enn i 2015. Soknerådet bestemte i 2016 at ein skulle ta i bruk nye betalingsordningar via mobiltelefon. Det betyr at ein no kan gi offer via mobiltelefonen med appane SPING og Vipps. Mange har ikkje lenger kontantar og difor er desse betalingsordningane tatt i bruk. Erfaring med ordningane kjem i 2017. Det må arbeidast med å få folk til å gi meir i offerkorga.

## Kommunikasjon

Det er viktig å nå ut med informasjon om det kristne arbeidet. ØyNytt, nettside og Facebook er viktige kommunikasjonskanalar. Like viktig er kommunikasjonen ansikt til ansikt også når Guds ord skal forkynnast.



Frivillige samla på sommarfest i 2016.

## Soknerådet 2015-2019

Erling Vik, leiar. Tormod Magnesen, nestleiar. Eilert Hellesøy, Øyvind Solsvik, Råmund Skjold, Gisle Kårbø Rong og sokneprest Espen Sigve Tveten. 1. vara Inger Marie Blom Bonifacio, Blomvåg og Bjørg Fjeldstad, Hjelme.

Fokus frå 2015 til 2016

- ✓ Guds ord skal forkynnast rikeleg.
- ✓ Trusoppplæringsplanen skal fasast inn i arbeidet frå hausten 2016.
- ✓ Vidareføring av arbeidet med kyrkjelydsbygging (NaMu).
- ! Fleire frivillige medarbeidarar, særleg i gudstenestesamheng.
- ! Auka talet på faste givarar
- ✓ Misjon.
- ✓ Integreringsarbeid. Sjå side 9.
- ✓ Fasteaksjonen frå 2017.

Fokus frå 2016 til 2017

## Framover

For 2017 vil fokus i hovudsak vere på dei same områda som i 2016 med desse tilleggga:

- I 2017 vil trusoppplæringsplanen gjelde for alle aktivitetar innafør området trusoppplæring.
- Tenkje fram mot samanslåing av dei kyrkjelege fellestråda i Fjell, Sund og Øygarden og konsekvensane av det.
- Lutherjubileet - reformasjon i 500 år.

## Rekneskap for Øygarden sokneråd 2015 - 2016

Inntekter	2015	2016
- Offer til organisasjonar	178 554	179 972
- Offer til eige arbeid	80 061	68 681
- Givarteneste fast	105 000	104 800
- Andre gåver utanom offer	90 000	83 099
- Misjonsløp konfirmanter	98 000	44 348
<b>Utgifter</b>		
- Tilskot til leirarbeid og team. Overført fellesrådet	250 000	220 000
- Tilskot til arrangement	4 000	39 500
- Rekneskap og revisjon	4 550	9 550
- Materieil og utstyr	11 960	3 108
- Prosjektskors	16 400	0
- Avrekning nattsafe	5 419	4 583

Arrangement er t.d. KRİK-gudstene, Gospelgudstene, ta, konsertar og fellesskapskveldar.

Rekneskapet vert ført av Regskapservice Vest AS ved Evelyn Fjeldstad Glesnes  
Revisor er Søreide Revisjon.

2604 til nattverd

51 konfirmanter

266 på leir

Merknad: Det er viktig å følgja trenden for tala fødte og døypte.

## Døypte


<b>2016</b>	73
Født	43
Døypt	43
<b>2015</b>	81
Født	52
Døypt	52
<b>2014</b>	54
Født	54
Døypt	54
<b>2013</b>	63
Født	63
Døypt	47

Presten har ein samtale med foreldra til barnet som skal døypast. Den er i god tid før dåpen. Samtalen vert kalla trus- og dåpssamtale.

Ved utgangen av 2016 var folketalet i Øygarden 4913. 546 av desse har innvandrarbakgrunn.

## Gudstenedeltaking, nattverdsdeltaking, medlemmer totalt, innmeldte og utmeldte 2012-2016

	2012	2013	2014	2015	2016	+/- 2015-2016
Deltaking på gudstenester	8099	8963	9394	8109	8379	+270
Nattverdsdeltaking	1798	2195	1473	2280	2604	+324
Medlemmer totalt i DNK i Øygarden				4015	4012	
Innmelde	1	2	5	0	0	
Utmelde	4	0	6	11	19	
Trusoppplæringa gjeld for aldersgruppa 0-18 år.						
Tal på born og unge i denne aldersgruppa					917	



Merknad: Det er ein liten nedgang i offer totalt frå 2015-2016. I offer til kyrkjelydsarbeidet er nedgangen på kr 11 320. Det er også færre gåver utanom offer (fast givarteneste og enkeltgåver).

# Fellesrådet sin årsrapport

## Fellesrådet sitt oppdrag

Fellesrådet sitt ansvar omfatter administrative og økonomiske oppgaver samt tilhøvet til kommunen. Fellesrådet har og eit overordna ansvar for mål og planar for kyrkja lokalt. Kommunen er representert i fellesrådet.

## Personale

6,10 årsverk i faste stillingar. I tillegg kjem teamet som i 2016 utgjør 70 % stilling. Staben har kompetanse på alle viktige område. Staben har stabsmøte kvar veke og deltek også på medarbeidersamlingar i prostiet 2-3 gonger i året. Kari Sandøy Rong som arbeider ved kontoret, har også ansvar for babysong og småbarnssong i Blomvåg kyrkje. Kyrkjetenar Janesh Amena har permisjon frå si stilling frå 1.8.2016 til 1.8.2018. Vikar er Christopher Amena.

## Leing

Det er kyrkjeverje som er dagleg leiar for fellesrådet og soknerådet si verksemd.

## HMT (helse, miljø, tryggleik)

Registrert sjukefråvær var under 2 % i 2016. Det er fokus på nærversarbeid og eit godt arbeidsmiljø. Bedriftshelsetenesta inngår i dette arbeidet.

## Miljø

Det er ikkje registrert forureining frå kyrkjelege anlegg.

## Økonomi

Rekneskapet viser eit mindreforbruk på kr 100.999,40. Lønnskostnader er på budsjett. I motsetnad til tidlegare år har likviditeten vore tilfredsstillande i 2016. Det er gjort innkjøp som går ut over den budsjetterte ramma på enkeltpostar.

## Trusopplæringsmidlar

som kjem årleg frå Kyrkjerådet utgjør ein stor andel av inntekta til sjølve trusopplæringa. Bruken av midlane må rapporterast til bispedømerådet.

## Planar

Trusopplæringsplanen som ein har arbeidd med dei siste åra vart godkjent av biskopen og ligg no til grunn for alt trusopplæringsarbeid i regi av DNK i Øygarden.

## Kyrkjene

Øygarden kommune løyvde for 2016 kr 1.250.000 til reparasjonar på Blomvåg kyrkje. Arbeidet starta hausten 2016

med reparasjon av tårntaket på Blomvåg kyrkje. Vindaugene skal også skiftast. Dei er bestilt og vert levert våren 2017. Er det pengar att på den kommunale løyvinga vert det også skifta kledning på deler av kyrkja.

Øygarden kommune løyvde også pengar for å få vurdert kva som må gjerast med Hjelme gamle kyrkje. Det arbeidet starta seint i 2016 og vert avslutta i februar 2017.

Riksantikvaren er inne i begge desse prosjekta. Øygarden kommune er bestillar av arbeidet på vegne av fellesrådet. Samarbeidet med kommunen er godt.

Det er skifta varmpumper i Blomvåg kyrkje og varmpumpa i Hjelme kyrkje havarerte i desember. Det er bestilt ny varmpumpe.

Det var lekkasje på rørledningar under belegningssteinen utanfor Blomvåg kyrkje.

Det er no gjestenett i begge kyrkjene med tanke på bruk av betalingsordningane SPING og Vipps

## Kyrkjegardar

I 2016 er det utført ordinært arbeid som slått og ettersyn. Alt er gjort klart til gravlegging på den nye delen i Hjelme. Talet på gravleggingar og bruk av festa gravar gjer at ein enno nyttar den gamle delen.

## Utstyr på anlegga

Det er i 2016 kjøpt inn ny plenetraktor og nytt tineapparat til kyrkjegardane i Blomvåg. Tineapparatet vert nytta når det er frost i jorda ved opptak av grav.

## Kyrkjekontoret


I 2016 gjekk ein over til Kirkepartner IKT si plattform for IKT-tenester. Det omfattar ein del programvare, support og backup med høg grad av IKT-tryggleik. Det er også kjøpt inn nytt elektronisk arkiv- og sakshandsamarsystem. Kirkepartner IKT er DnK sitt eige IKT-selskap.

## Gravferd

Det er gjennomført 37 jordpåkastingar i 2016 med kyrkjeleg ordning for gravferd. Det er lagt vekt på at alt arbeid som vert utført relatert til dødsfall og gravferd skal ha høg opplevd kvalitet.

## Praksisplassar

3 ungdomar (elevar/studentar) har hatt praksisplass hos ØKF i i barne- og ungdomsarbeidet.



Kommunen løyvde 1,250 mill kr til vedlikehald av Blomvåg kyrkje.



Kommunen løyvde 250 000 kr til Hjelme gamle kyrkje. Vurdering av tiltak.



Varmepumper i Blomvåg og Hjelme er skifta.


## Framover

- Arbeide med samanslåing av fellesråd - mot 2020 og konsekvensar for arbeid og tilsette.
- Konsekvensar for organisasjonen i høve vedtak om likekjønna ekteskap.
- Pussa opp personalkjøkkenet i Hjelme kyrkje.
- Vidareføra vedlikehaldet på Blomvåg og Hjelme kyrkjer samt Hjelme gamle kyrkje.



Kåre Kristoffersen

I 2015 og 2016 vart det kjøpt inn nye plenetraktorar til kyrkjegardane i Blomvåg og Hjelme. Desse maskinene går trutt i heile slåtte-sesongen.



**NY KOMMUNE** og nytt felles-rådsområde frå 1.1.2020

Kyrkjevevjerer og felleråd har i 2016 hatt kontakt om prosessen fram mot 2020. Arbeidet vert forsterka i løpet av 2017.



**Kari Sandøy Rong** har frå 2015 hatt ansvar for babysong og småbarns-song i Blomvåg kyrkje som er faste trusopplærings-tiltak.



**Christopher Amena** har i 2016 delteke i barne og ungdomsarbeidet som t.d. leiar, barnekantoret og skulelaget i tillegg til å vere kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

## ØYGARDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Erling Vik, leiar, Tormod Magnesen, nestleiar, Råmund Skjold, Gisle Kårbø Rong, Eilert Helleøy, Øyvind Solsvik, Espen Sigve Tveten, Inger Helene Dalen, kommunen sin representant, Inger Marie Blom Bonifacio, 1. vara Blomvåg og Bjørg Fjeldstad, 1. vara Hjelme.

Frå administrasjonen møter kyrkjevevjer Olav Martin Vik som også førebur alle sakene til fellesrådet.

### STAB i 2016

**Fast tilsette (7 stillingar = 6,10 årsverk)**

Olav Martin Vik, kyrkjevevjer/dagleg leiar  
Kari Sandøy Rong, kontorleiar og trusopplærar  
Anne Lise Grøm, kantor  
Bjørg Hindenes Blom, diakonimedarbeidar  
Hogne Berland, kyrkjelydspedagog  
Kåre Kristoffersen, kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar  
Christopher Amena, kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar (vikar)  
Janesh Amena, kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar (permisjon)

**Teamet\* (utgjer ca 70 % stilling)**

Ann Elise Kiplesund  
Birgitte Haugetun Sebjørnsen

**Organistvikarar**

John Solsvik  
Nathalia Medvedeva

\* Det vert rapportert på teamet frå hausten kvart år.

### Andre ressurspersonar

Martin Jonas Hellesund Nakken, praksis i barne- og ungdomsarbeidet  
Miriam Sandøy, praksisplass i barne- og ungdomsarbeidet  
Cecilie Borsholm Vik, praksisplass i barne- og ungdomsarbeidet  
David Amena og Lydia Sandøy Rong var sommarvikarar på kyrkjegardane. Raymond Vik har tilsyn med teknisk utstyr i kyrkjene og IKT-ustyr.

### PRESTETENESTA

Espen Sigve Tveten, sokneprest  
Helge Unneland, prostiprest

**FAGSAMLINGAR** for alle tilsette i prostiet minst 2 gonger i året. Hausten 2016 besøkte biskop Halvor Nordhaug ei slik samling.



### LEIARMØTE

Det er månadlege møte mellom kyrkjevevjerene i prostiet og prosten.

Det er også fagleg kontakt mellom medarbeidarane i prostiet, ved behov eller systematisk.

## REKNESKAPET FOR 2016

Totale inntekter: 6 423 851,00.

Totale utgifter: 6 322 825,00.

Mindreforbruk: 100 999,40. (I 2015 var det eit meirforbruk på kr 92 137,00).

Tala er utan meirverdiavgift og avskrivningar då desse postane går i 0. Rekneskapet vert revidert innan utgangen av mai.

### IKKJE BUDSJETTERTE STØRRE UTGIFTER I 2016

Nytt post-, arkiv-, og sakshandsamingssystem kr 59 000

Kjøpt i 2016 pga tilskot frå Kyrkjerådet berre for 2016.

Vedtak i fellesrådet sak 016/16

Ny varmpumpe i Blomvåg kyrkje - Uforutsett kr 19 920

### Øygarden kyrkjelege fellesråd

Nøkkeltal (R) 2015-2016, budsjett (B) 2016 og budsjett 2017

INNTEKTER	R 2015	B 2016	R 2016	B 2017
Overføring frå kommunen	4 606	5 064	5 064	5 160
Trusopplæringsmidlar	597	570	599	585
Betaling for gravferd	31	35	21	20
Betaling for leiarar	230	170	238	220
Festeavgifter	46	50	82	50
Renteinntekter	33	50	19	30
Overføring frå soknerådet	263	250	220	250
ØyNytt - annonseinntekter	46	46	17	45
ØyNytt - kontingent	80	90	72	80

I heile tusen kroner

● Annonseinntekter for 2016 vert ført i 2017

### Øygarden kyrkjelege fellesråd

Nøkkeltal (R) 2015-2016, budsjett (B) 2016 og budsjett 2017

UTGIFTER	R 2015	B 2016	R 2016	B 2017
Lønsutgifter totalt (ikkje team)	3 020	3 108	3 085	3 143
Arbeidsgivaravgift	487	519	371	502
Pensjon	371	468	428	412
Kjøp av varer og tenester	1 601	1 729	2 185	2 233
- av dette utgjer teamet	410	460	387	430

I heile tusen kroner

Rekneskapet vert ført av Egil Robert Johansen, Øygarden kommune Revisor er Deloitte. Revisjonen vert gjort i mai 2017.

# Soknepresten sin årsrapport

ved Espen Sigve Tveten, sokneprest



skapa tryggleik og samhald

kyrkja var sentral for menneske etter ulukka.

samspelet mellom trusopplæring og gudstenestliv



Prostiprest Helge Unneland tenestegjer fast i Øygarden i soknepresten sine feriar, friveker og fridagar.



«For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom» (1. Tim 1,7.) Med desse orda frå Paulus helsar eg kyrkjelyden og er takksam for året som ligg bak, og eg er takksam til Gud som gir oss nåde i alle moglegeheiter og utfordringar.

## Prosessar

Det gjeng føre seg ulike prosessar i Øygarden og i kyrkjelyden. Nokre styrer me sjølv, nokre har andre kapteinar ved roret. Gudstenesteutvikling, kyrkjelydsbygging og trusopplæringa er prosessar me er godt i gong med og som vil fortsetta. Kommunesamanslåing og utviklinga i Den norske kyrkja er påført oss utanfrå, men eg vil arbeide for å finne løysingar som skapar tryggleik og samhald. Dette er eit arbeid som dei ulike råda og kyrkjelydane må gjere saman med dei tilsette.

## Turøyulukka

Året 2016 kjem til verte huska for ulukka ved Turøy. Mange menneske i Øygarden vart råka, anten som nære pårørande, eller som hjelpemannskap og kollegaer. Eit heilt lokalsamfunn vart berørt og kyrkja var sentral for både einskildpersonar og for media.

## Gudstenestliv

I meldinga i år ser eg nærare på samspelet mellom trusopplæring og gudstenestliv. I den seinare tid har me fått nokre nye trusopplæringstiltak som er berikande for gudstenestlivet. «Babysong» og «Småbarnssong» deltek no på ei gudsteneste i året. Borna kjem med sine foreldre og deltek aktivt. Desse tiltaka blir poengtert i presten si dåpssamtale. «Lys vaken» for 11-åringar hadde me for første gong i fjor. Eit stort arrangement som vart avslutta med ei innholdsrik gudsteneste med mange involverte. Den årlege friluftsgudstenesta er kopla opp mot tiltaket «Gud såg at det var godt» som er for 6-åringar. Etter konfirmasjonstida vart ungdomane invitert til K2. I dette konseptet vert dei utfordra til å delta på Sprell levande-gudstenestene. Dette har gjeve mange positive resultat. Til slutt vil eg nemne at det er positivt å avslutta konfirmantleiren med ei stor gospelgudsteneste i Hjelme kyrkje i samarbeid med Gospelteens. Søndagsskule- og korarbeidet er og viktig for gudstenestlivet.

## Utfordringar

Leirane er vår hjørnesteinen i trusopplæringa. Me har ei utfordring med koplinga mellom



Gospelgudstenesta 2016

leirane og gudstenestlivet. Andre utfordringar er å utvida den faste kjerna av gudstenestedeltakarar. Verktøyet NAMU (Naturlig menighetsbygging) skal hjelpe oss i dette arbeidet. Her fokuserer me på varmare relasjonar og meir livsnære smågrupper. Ei anna utfordring er at den faste givartenesta må opp slik at arbeidet står støtt og varig.

## Rekruttering til kyrkjeleg teneste

Me treng gode menneske til å arbeide i kyrkja vår. Me er bevisste på å utfordre unge menneske til teneste. Mange ungdomar ser føre seg eit år i ungdomsteamet. Nokre har byrja å studera kristendom/teologi. Desse følgjer me opp. Til hausten planlegg me ein studietur for ungdom til Thailand. Dette har mellom anna som mål å rekruttera til misjonsteneste.

## Må Gud sjå i nåde til kyrkjelydane i året som ligg føre oss.

### Framover

- Kopla leirar og gudstenestliv
- Fleire frivillige medarbeidarar
- Få til livsnære smågrupper
- Auka fast givarteneste
- Rekruttere unge til teneste



4-åringar får bibelbok

# Trusopplæring

ved Hogne Berland, kyrkjelydspedagog



**Særleg leir som trusopplæring vart framheva som ein spennande og god arbeidsmåte.**

Øygarden er ein kommune med mykje kristent barne- og ungdomsarbeid, både i kyrkja og på bedehus. Det kontinuerlege arbeidet som gjev dei unge faste møtepunkt og pulsslag i kristenlivet er av stor verdi. Det er her vi må setje inn dei største ressursane våre. Kvar klubb, kvart lag og kvart kor

## Godkjend trusopplæringsplan

I november vart trusopplæringsplanen for Kyrkja i Øygarden godkjend av biskopen. Planen fekk god omtale frå bispekontoret. Særleg leir som trusopplæring vart framheva som ein spennande og god arbeidsmåte. Planen vil for 2017 verte fullt implementert med breiddetiltak for alle årskull frå 0-18 år.

## Teamet



Teamet og praksiselevar førebur seg til eit lagsbesøk. Det er ofte mykje førebuing før dei skal ut på oppdrag.

Hausten 2016 fekk me som vanleg eit nytt team som skal vere fram til sommaren 2017. Det nye teamet består av Ann Elise Kiplesund frå Trondheim og Birgitte Haugetun Sebjørnsen. Dei gjer ein flott jobb! Teamet er framleis viktig for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja. Særleg i konfirmantopplegget og på leirane ser vi at teamet er ein viktig og naudsynt ressurs.

## Plussleir

Plussklubben på Oen bedehus feira fem år i 2016. Plussklubben er ein del av trusopplæringsplanen og er eit av kyrkja sine tilbod til born i alderen 5-8. klasse. I 2015 starta det også opp ein Plussklubb på Austevoll etter modell frå Plussklubben i Øygarden. Idéen kom opp om å arrangere ein leir saman med dei. Dette vart til den første Plussleiren som vart arrangert på leirplassen Sætervika i Samnanger i mai. Over 40 born frå Øygarden og over 20 born frå Austevoll deltok. Det vart ei flott helg og det er planlagt ny leir i mai 2017.

## Leirleiarar

Det er framleis mange ungdomar som ønskjer å vera leirleiarar og det er som regel ingen problem å fylle opp leirane med leiarar. Me prioriterer dei som deltek på K2 og K2pp (10. klasse og oppover), men har i tillegg brukt nokre av konfirmantane som leirleiarar. Å få vaksne leirleiarar er vanskelegare og det gjer at å arrangere leir kan vera slitsomt for dei få vaksne som er med. Dette såg me særleg i haust då me gjekk frå fem personar i teamet på våren til to personar på hausten. Dette vert ei hovudutfordring framover.

hadde fortent heiderleg omtale i ein slik årsrapport, men me må diverre nøya oss med nokre glimt frå det som særprega 2016! Ei stor takk til alle frivillige som er engasjert for at barn og unge i Øygarden skal få verta kjent med Jesus

Dersom me skal halde fram med 10 leirar i året slik som no, treng me fleire vaksne leiarar.

## Tur til Thailand?

På hausten starta planlegging av misjonstur til Thailand for dei eldste ungdomane. Responsten frå ungdomane var god då idéen vart presentert. Mange kunne tenke seg å delta på ein slik tur. Me har dermed arbeidd vidare med tanken og legg no opp til ein tur i haustferien 2017. Sokneprest Espen Tveten og kyrkjelydspedagog Hogne Berland vil vera med som reiseleiarar. For at turen skal kunne arrangerast er ein avhengig av å samle inn ein god del pengar for å få ned utgiftene for deltakarane. Dette vert arbeidd med på våren 2017.



Frå Pluss-klubben

## Ei utfordring

**Sjølv om mykje bra kan seiast om det kristne arbeidet i Øygarden er det alltid utfordringar. Det er viktig å vera bevisst på desse, slik at ein ikkje gror fast i gamle mønster for korleis arbeidet skal drivast. Til slutt i denne årsrapporten kjem difor nokre spørsmål til utfordring for oss som er engasjert i det kristne barne- og ungdomsarbeidet: Ser me borna me møter att i kyrkjelydar og forsamlingar når dei er vaksne? Her er svaret ofte nei. Kvifor er det slik? Kan me tenka meir målretta i barne- og ungdomsarbeidet? Kva kan me gjera for at dei unge skal finna sin plass i forsamling og kyrkjelyd?**

**Over 40 born frå Øygarden og over 20 born frå Austevoll deltok.**

**Treng fleire vaksne leiarar på leir**





# Kyrkjemusikk, kor

ved Anne Lise Grøm, kantor

me vonar at fleire vil koma til kyrkja på salmekveldane

724 personar var tilstades på musikkarrangement i kyrkjene i Øygarden i 2016

## Konsertar i kyrkjene

Det har vore 8 musikkarrangement dette året.

25.01. Blomvåg: Kulturskulekonsert

– 40 til stades

06.02. Blomvåg: Konsert med Nancy Sangolt med band - 46 til stades

13.03. Blomvåg: Konsert med Sotra Reviderte og Sotra Storband. Duke Ellington Sacred Concert - 79 tilstades.

04.06. Hjelme: Konsert med Bjørgvin Kyrkjesongforbund. Øygardskoret deltok - 72 til stades

18.10. Hjelme: Salmekveld. Øygardskoret deltok og kantor leia - 19 til stades

08.12. Blomvåg: Konsert med Rong brass - 113 til stades

14.12. Hjelme: Konsert med Roy Vorland og Anita Heggholmen med band. 202 til stades

18.12 Blomvåg: Vi syng jula inn: Øygarden skulemusikkorps, kulturskulen, barnekantoriet og Øygardskoret - 153 til stades



Fiolinistar frå kulturskulen som medverkar i ei gudsteneste.



## Korarbeidet

**Barnekantoriet** har hatt eit

«generasjonsskifte» då fleire

av medlemmene gjekk

over til ungdomsskulen.

Frå hausten 2016 var det

13 med i koret. Me har

vore med på konsert i

Åsane kyrkje, og på tur

i Sætervika som avslutta

med felleskorsong på

gudstenesta i Ådland kyrkje i

Samnanger.



**Øygardskoret** hadde 10 medlemmer i 2016.

Sjølv om koret er lite og derfor er

sårbart, får me ofte godord

frå tilhøyrarar – det set me

stor pris på! Koret har ei

viktig rolle på salmekvel-

dane. Me vonar at fleire

vil koma til kyrkja på

salmekveldane. Å syngja

salmar saman er inspire-

rande og gir samkjensle!



Begge kora har sunge på gudste-

nester i begge kyrkjene, på «Vi syng jula inn» og

på Tednebakkane kvar vår og haust.

**Å syngja i kor er sosialt fellesskap!**



“Vårt håp og vår bøn er at borna/ungdomane i Gospelteens skal verta kjent med Jesus”

## Gospel teens

Gospelteens er eit kor for born og unge i Øygarden Kommune frå 5 klasse og oppover. I 2016 har medlemmane vore både frå mellomsteget, ungdomsskulen og frå vidaregåande skule. I løpet av 2016 var det 70 som var fast eller tidvis med i koret. I gjennomsnitt har det vore 35 stk. på øvingane våre i løpet av året. Gospelteens har framleis øvingar annankvar tysdag i Blomvåg kyrkje frå kl. 17.30 til 19.30. Me startar alle øvingane med andakt og bøn, og avsluttar med kveldsmat, og ei sosial stund rundt bordet. Me hadde 20 øvingar i løpet av 2016. 2016 har vore eit positivt år for Gospelteens. Me har delteke på ulike gudstenester, møter og arrangement i Øygarden kommune, og i

oktober 2016 reiste me på tur til Ålgård kommune og hadde fleire konsertar der. Dette var ein flott tur med mykje sosialt samvær, flotte konsertar og god forkynning. Leiinga i Gospelteens består av vaksenleiarane; Olaug Merete Rong, Gustav Landro, Åse May Solsvik Blom, Ranja Sjøstrøm, Therese Dale og Kate Solsvik, og Camilla Sjø og Kristine-Marie Flåten er valgte representantar for kormedlemmane i styret. Vårt håp og vår bøn er at borna/ungdomane i Gospelteens skal verta kjent med Jesus, knytte gode venskap og verta bevart i trua på Jesus.

Kate Solsvik





**Det er tid for tilbakeblikk for året som har gått. Oppgaver og tilbud har i hovudsak vore som før.**

## Besøkstenesta

Frivillige er gjer ein viktig innsats. Det er nok mange "der ute" som treng nokon å snakka med, men det skal litt mot til å ta kontakt med oss. Av og til er det greitt at andre som ser dette, hjelper til. Det vert mange fine stunder ved slike besøk, det er å gi, og få tilbake!

## Eldretreffa

Mange trufaste, frivillige medarbeidarar gjer ein stor innsats. I 2016 hadde me 2 fellessamlingar, i mars, og ved juleavslutninga i desember. Mange gjestar har me hatt, som har delteke med andakt, ulike tema, film, bilder, song og musikk. Me har eit ynskje om å få med oss fleire nye og unge pensjonistar! Men korleis? Desse kan bidra positivt i miljøet!

**få fleire unge pensjonistar på eldretreffa**

## Eldretur

Den årlege turen vår var i juni, denne gongen til Fedje. I eit strålende



sommarver, fekk me sjå Norhordlandsbygdene på sitt beste! På Fedjekaien vart me tatt vel imot av Grethe Herøy, som gav oss ei flott omvisning rundt på øya. Me var og oppom Losstasjonen der, og fekk skoda over til Hellesøy! Eit fint besøk vart det og i kyrkja, med andakt av presten vår, Espen. Me avslutta med god Fedje-middag, kvalbiff m/ tilbehør. Så bar det heimatt for øygardingane, via Austrheimbruene og Radøy. Vakkert var det, denne fine sommarkvelden!

## Språksprell

Språksprell held fram som før. Ein flokk frivillige gjer ein flott innsats her. Gruppa med innvandrarar skifter etter sommarferien. Hausten 2016 har me fått med nokre frå Syria. Dei har fått opphald i Øygarden. Fint å få bli kjent med dei! Ta vel imot dei! Me treng fleire frivillige, kanskje er dette noko for deg? Ei av dei frivillige har starta opp leksehjelp på språksprell. Eit flott tilbud for dei som strevar med norsken! Me møtest på gamle Toftøy skule kvar mandag, frå 13.15-14.30. I 2016 hadde me og nokre utflukter med språkgruppa, bl.a til Ormhilleren på fisketur, der me laga fiskemat i etterkant, og besøk på Kystmuseet. Utflyktene vert planlagt av NAV og Frivilligsentralen. Ellers har eg fått besøkt nokre av flyktingane, og fått smaka på god og spennande mat! Flyktingetreffa på Nautnes fekk eg og vera med på. Fantastisk å sjå kva frivillige kan få utretta!

**det er behov for fleire frivillige**

## Integrering

av dei med funksjonshemming: I 2016 lukkast me ikkje å få til særskilde gudstener med desse, men tilbudet gjekk ut frå kyrkja si side. Me prøver på nytt i 2017. Innviasjonen har alt gått ut, for planlegging.

## Kurs og seminar

Kvart år har bispedømmekontoret fagdagar for diakonar/diak.arbeidarar i Bjørgvin BD. Dette er nyttige treffpunkt for oss som står i dette arbeidet. I november fekk eg vera med på ein konferanse i Bergen, om "Håp- for kven, for kva?". Det handla om flyktingane og deira situasjon. Kan me vera med å gje dei håp for framtida?

## PDU (Prostidiakoniutvalet)

Dette samarbeidet går som før, og er heilt naudsynt i diakoniarbeidet.

## Temakveld

i Foldnes kyrkje i etterkant av allehelgens søndagen. Gjestar var Berit og Ingmar Ljones, som fortalde om tapet av dei to døtrene sine sommaren 2014. Mange var møtt fram for å høyra dei. Kristin og Kjell Bergsvik gledde oss med fin musikk og song.

## Sorggruppe

Sorggruppa for 2015 vart utsett til våren 2016. Vinteren 2016/17 vart det også avlyst, pga for liten påmelding. Er terskelen for høg her?

## Prep-kurs

Samlivs/kommunikasjonskurs). Då det vart for få påmeldte hausten 2015, sende me ny innviasjon våren 2016. Men for få melde seg på også no til å gjennomføra opplegget. Hausten 2017 vil me prøve få til ei "bruddgruppe". Det er eit tilbud til dei som slit etter samlivsbrot.

## Framover

**Så er mitt ynskje for det nye året, at me må gje ros og oppmuntring til kvarandre, så me med frimod kan møta kvardagen!**

**Eg avsluttar med orda frå 1. Johannesbrev, 1, v.7: "Dersom vi ferdast i ljuset, liksom Han er i ljuset, då har vi samfunn med kvarandre, og Jesu, hans Sons blod reinsar oss frå all synd."**



Frå eldreturen 2016



Frå førjulsfesten 2016

# Informasjonskanalar

Å nå ut med informasjon om det som skjer i regi av kyrkja er grunnleggande viktig. Det er ikkje nok å kunngjere i gudstenesta det som skjer. Ein må nå menneska også gjennom andre kanalar. Det er også viktig å formidle Guds ord t.d. gjennom ØyNytt.

I botnen for vår kommunikasjon ligg ein strategi om å nå breidt ut med tydeleg informasjon om det som skjer og planar for det kristelige arbeidet i regi av kyrkja.

## Gode ambassadørar og samtale ansikt til ansikt er ei god kommunikasjonsform som ikkje må undervurderast.

Kyrkjebladet ØyNytt når breidt ut i Øygarden og bladet som vert fulldistribuert i Øygarden er strategisk viktig. Kyrkja i Øygarden har eiga nettside der ein finn aktuelt stoff, kalender for aktiveter og kyrkja sine tenester som t.d. gravferdsforvaltning, dåp og vigsel.

Program om leirar og t.d. Pluss klubben vert delt ut på skulane.

Facebook og Instagram vert nytta og til dømes Babysong og Småbarnssong har eigne Facebook-grupper der ein kommuniserer ut opplegget og kan kommunisere direkte med til dømes foreldre.

Alt arbeid med ØyNytt skjer på kyrjekon-toret.

Trykkeriet trykker bladet etter ei ferdig fil.



ØYNYTT	Budsjett	Rekneskap
<b>Rekneskapstal 2016</b>		
<b>Kontingentar</b>	90 000	72 500
<b>Annonseinntekt</b>	46 000	16 500
<b>Distribusjon</b>	68 160	45 000
<b>Trykking</b>	91 000	94 285

Annonseinntekter for 2016 vert ført i 2017. Det er ikkje bortfall av annonsar. Det er produsert fleire blad med fleire sider enn normalt. Det fører til auka trykkekostnader og porto.

Dei seinare åra er det også distribuert faldarar med særskilt informasjon om gudstenester og andre arrangement.

I tillegg kjem kommunikasjon ved utsending av trusopplæringsmaterieill.

Ansvarleg redaktør for alle kommunikasjonskanalar er kyrkjeverje Olav Martin Vik.

ØyNytt kjem ut 6 gonger i året med ei opplag på 2500 blad kvar gong.



Du finn oss på Facebook og Instagram under namnet:

**kyrkjαιοygarden**



**KYRKJA.NO/OYGARDEN**

## Tema

### Gi

#### med mobiltelefonen

I kyrkjene i Øygarden kan du gi offer og kollekt via din mobiltelefon. Du kan også gi når du set heime.

Du kan bruke appane **SPING** og **Vipps** som du lastar ned på din mobiltelefon.

Brukar du Vipps Blomvåg kyrkje #75632 Hjelme kyrkje #75628




DEN NORSKE KYRKJA

I 2016 vart det mogeleg å gi kollekt og offer ved bruk av appane SPING og VIPPS.

Det er også mogeleg å gi direkte til kyrkje-lydsarbeidet og betale for leiropphald på Skjergardsheimen på denne måten.

Kyrkjene har fått gjestenett til m.a. dette føremålet.

Målet er å gjere det lettare for folk å gi og å få inn meir i offer/kollektar.



**STØRST AV ALT**

TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELYDSBYGGING (NaMu/K-vekst)


som er eit satsingsområde for soknerådet og kyrkjelydane vart frå 2016 forlenga med 2 år. NaMu fokuserer på at Gud gir vekst. Kyrkjelyden skal vere kyrkjelydsgartnarar. Me skal arbeida meir målretta, i samsvar med Guds ord og kall. Ei undersøking i kyrkjelyden i desember 2016 viser at det må fokuserast på små fellesskap og varme relasjonar.

Ommund Rolfsen (t.h.) frå K-vekst er rettleiar for arbeidet i Øygarden.

i 2016 vart trusopplæringsplanen for Øygarden godkjent. Den vert no lagt til grunn for alt trusopplæringsarbeid i regi av kyrkja. Trusopplæringa i Øygarden heiter

**STØRST AV ALT.**

Søndagsskule under gudstenestene er eit viktig tiltak. Det er frivillige som driv arbeidet.



# Samarbeid

Den norske kyrkja i Øygarden (DnK) har eit godt samarbeid med mange aktørar. Nedanfor er lista opp ein del av samarbeidspartnarane. I tillegg kjem bispedømet, prostiet, andre fellesråd og alle som me besøker i løpet av året, som barnelag, søndagsskular m.m.

**Takk for godt samarbeid!**



Øygarden kommune | *brubysjaren*

Det er eit godt samarbeid med Øygarden kommune om årlege budsjetttrammer og større vedlikehaldsarbeid som involverer anbudsrutinar og byggeleing. Kommunen fører rekneskapen og tek hand om lønsskjøring for fellesrådet. Det er også eit godt samarbeid mellom kyrkja og skular og barnehagar.



Leirstaden er svært viktig i trusopplæringsarbeidet. Leirane er inngår i kyrkja sitt trusopplæringsarbeid. Det er eit godt samarbeid mellom Skjergardsheimen og DnK.



Harald Berge Breistein er leiar i NLM-barnehagene AS.

**Harald Berge Breistein** har i mange år hatt som oppdrag å undervisa 5. klassane i Øygarden i "Vandring gjennom Bibelen for born". Dette gjer han kvart år. Nesten alle 5. klassingane vel å delta, etter utdeling av biblane.



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

Det er eit nært samarbeid med NLM om teamet. Det er minst 2 planleggingsmøter i året om timar, kostnad og oppfølging. Teamet arbeider i Øygarden på oppdrag frå DnK og dagleg leing skjer lokalt.



Det er eit stort skulelag på Øygarden ungdomsskule. Teamet, kyrkjelydspedagog og andre frå DnK deltek fast på samlingane på ØUS med t.d. andakt. Det er f.t. eit aktivt styre i skulelaget.



KRISTEN IDRETTSKONTAKT

KRIK har samlingar fast på Toftøy skule. Medarbeidarar frå DnK deltek tidvis på desse arrangementa.



DnK og NMS har ingått misjonsavtale for arbeid i Thailand.



Ungdomsklubben Refuel er lokalisert til INRI på Rong senter. Medarbeidarar i DnK deltek fast på samlingane i Refuel.



Søndagsskolen er ein viktig arena for tidleg å fortelja born om Jesus.

Frivillige tek ansvar for søndagsskule i Blomvåg og Hjelme kyrkjer under gudstenesta.



Pluss-klubben i Oen bedehus inngår i kyrkja sitt trusopplæringsarbeid. Arbeidet vert drive av frivillige og medarbeidarar frå DnK.



IMI KIRKEN

DnK og IMI kirken i Stavanger har ingått misjonsavtale for arbeid i Thailand.

## Frå årsmøtet i 2016

Hjelme kyrkje 6.4.2016

- 42 deltakarar
- Fokus på trusopplæringsarbeidet med utgangspunkt i ny plan for arbeidet og framtida med tanke på kommunesamanslåing.
- Det vart gitt ros for arbeidet i DnK lokalt.
- Det vart etterlyst bibelkurs for innvandrarar.
- Behov for ressursar til barnelag eller søndagsskule på Nautnes.



## Behov for frivillige medarbeidarar

- Det er eit kontinuerleg behov for frivillige medarbeidarar.
- Det er særleg behov for vaksne leirledarar.
- Leirane på Skjergardsheimen er eit svært viktig element i trusopplæringa.
- Det er behov for menneske som kan ta ansvar for kyrkjekaffinen.

## Dagfordeling for TEAMET

Det er eit stramt opplegg når det gjeld fordeling av dagar og timar. Ramma er styrt av budsjettet. Kyrkja lokalt har ansvar men alt skjer i eit samarbeid med NLM som har det formelle arbeidsgivaransvaret. Det er ein tett dialog mellom DnK og NLM om teamet, oppgåver og finansiering. Det er også slik at NLM bidrar med pengar inn i systemet. Dei to siste åra har teamet delteke

i arbeid i Austevoll, finansiert av kyrkja i Austevoll.

- Talet på dagar våren 2016: **127**
- Talet på dagar hausten 2016: **86**

### Fordelt slik pr. halvår:

Leirar, leirledarkurs, søndagsskulebesøk, Pluss klubben, Skulelaget, Barnekantoret, KRIK, Ahava Nautnes, konfirmandundervisning, lagsbesøk (10 gonger), bibelgrupper, K2pp. småbarnssong, eldretreff og teammøter.

## Indirekte/direkte konsekvensar av kristent ungdomsarbeid i Øygarden:

**17 ungdomar frå Øygarden deltok på Impuls 2016 i Stavanger.**

<http://impulsweb.no/stavanger/>

**25 ungdomar frå Øygarden deltok på UL 2016 på Randaberg.**

[www.nlm.no/ul](http://www.nlm.no/ul)

**35 ungdomar frå Øygarden deltok på NLM sin nyårsleir i Sætervika 2016/2017.**



Ungdomar på leirleiar kurs på Skjergardsheimen i regi av kyrkja.

# Statistikkar, tal

## Utdeling av biblar, bøker m.m.

### Dette vert sendt ut av kyrkja lokalt:

CD til 1-åringar (barnesongar, kveldssongar), spisebrikke til 2-åringar (O du som metter) og bok til 3-åringar (bibelhistoriar)

### Dette vert delt ut ved oppmøte i kyrkja:

Bok til 4 åringane (bibelhistoriar), barnebibel til 5-åringane og bibel til 10-åringane.

- Biblar vert i tillegg delt ut i klassen når ein har opplegget "Vandring gjennom bibelen for born"
  - Alle får bibel bortsett frå dei som reserverer seg.
- Bok til 6-åringar

## Barne- og ungdomsarbeid, kor m.m.

### Aktivitetar der tilsette i kyrkja er med 2015-2016

Type aktivitet	Når	2015	2016	Drivar (med)
Tal deltakarar				
KRIK, Toftøy skule frå 8. klasse	Annankvar fredag	20-30	15-20	KRIK
K2, etter konf. tida	Ein gong i månaden	15	10	Kyrkja
K2opp, etter K2	Ein gong i månaden	18	15	Kyrkja
KRIK 18+, Toftøy sk.	Annankvar tysdag	10	10	KRIK
Konfirmantar i 2016	Gjennom året	68	51	Kyrkja
Barnekantoriet	Tysdagar	15	13	Kantor/ Kyrkja
Pluss-klubben, Oen bedehus 5-8 klasse	Ein onsdag i månaden	30-40	30-40	Oen bedehus Kyrkja
Skulelaget ØUS	Kvar torsdag	20-40	20-40	Laget (teamet)
Refuel, ungd. klubb INRI, frå 8 kl.	Annankvar fredag	50-60	50-70	Refuel/INRI
AHAVA, Nautnes bedehus, ungd.klubb	Ein fredag i månaden	10-15	10-15	Nautnes bedehus
Gospel teens	Annankvar tysdag	40-50	40-50	Frivillige
Leirar, Skjerg.heim.	Gjennom året	255	266	Kyrkja
Babysong, Blomv.k.	Annankvar måndag	6-18	3-11	Kyrkja
Småbarnssong, Blomvåg kyrkje	Annankvar tysdag	8-18	6-24	Kyrkja
Eldretreff i Hjelme	Ein gong i månaden	ca 25	ca 25	Friv./kyrkja
Eldretreff i Blomvåg	Ein gong i månaden	Ca 35	ca 35	Friv./kyrkja
Øygardskoret	Kvar tysdag	10	10	Kantor/kyrkja

## PLUSS KLUBBEN


er eit av dei faste trusopplæringstiltaka. Slik ser invitasjonane ut som vert delt ut i klassane på skulane i Øygarden.



**PLUSS**  
Oen bedehus onsdag 22. februar kl 17.30-19.30  
M&M kveld på Pluss!

I dag kan dei som vil kle seg ut på noko på M. Premie til beste kostyme! Vi skal høyre om bibelkjendisar på M og ete god MMMat! Kjekke leikar ute og inne. ☺

22 FEBRUAR



Kjelde: SSB



## Kyrkjelege handlingar

### Statistikk/tal for perioden 2013 – 2016 – kyrkjelege handlingar

Type aktivitet	2013	2014	2015	2016	2016 total
Døypde Blomvåg	31 (27)	43 (37)	33 (28)	36	43
Døypde Hjelme	16	11 (4)	19 (6)	7	
Konfirmantar Blomvåg	39	46	58	40	51
Konfirmant. Hjelme	15	15	11	11	
Vigde Blomvåg	11	13	11	12	12
Vigde Hjelme	1	1	1	0	
Gravlagt Blomvåg	20	36	24	23	37
Gravlagt Hjelme	8	17	16	14	
Innmelde total	2	5	0	0	0
Utmelde total	0	6	11	19	19
Gudsteneste søndag	66	85	58	64	64
Andre gudstenester	16	2	14	20	20
Nattverdsgudstenest.	44	37	39	48	48
Gudst. delt. Blomvåg	5610	5556	5081	5581	8379
Gudst. delt. Hjelme	3353	3838	3028	2798	
Deltaking i snitt	109	108	112	100	
Nattverdsgj. Blomvåg	1448	930	1240	1653	2604
Nattverdsgj. Hjelme	747	543	1040	951	
Offer Blomvåg	127757	127543	142369	150535	Sum offer
Av dette til eige arbeid	119626	36101	38886	34408	248402
Offer Hjelme	100689	117397	109794	97867	
Av dette til eige arbeid	93833	33420	37924	34272	
Givarteneste/gåver	46800	104250	195000	181966	

21 000 møte

## Møte mellom enkeltmenneske og tilsette/frivillige i kyrkja

Når me summerer gudstenester, gravferder, vigslar, dåpssamtalar, barne- og ungdomsaktivitetar kjem me fram til minst 21 000 møte mellom enkeltmenneske og tilsette/frivillige i kyrkja. I tillegg kjem alle lagsbesøk m.m. Anslaget er forsiktig utrekna.

## SKULELAGET på Øygarden ungdomsskule er stort

og aktivt. Her har styret baka bollar for utdeling til elevane. Teamet er stort sett med på alle samlingane.



Hogne Berland på lagsbesøk og leikar med tenåringane.

## TRUSOPPLÆRING

### Rekneskapstal 2016

Lønsutgifter inkl. teamet	-1 350 000
Utgifter til materiell, utstyr	-110 038
Leirkostnader	-255 210
Betaling frå deltakarar	238 300
Trusopplæringsmidlar	599 000

I tillegg til tala ovanfor kjem felleskostnader som t.d. IKT, husleige, kopiering m.m.